

Kva:	Møte nr. 19 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 10. februar 2025, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 139 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 140 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 18 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>ORIENTERINGSSAKER</p> <p>SAK 141 23-25 Saker frå NSF</p> <p>SAK 142 23-25 Rammeprogram Trondheim 26. feb-2. mars</p> <p>SAK 143 23-25 Driftskostnadar SKU</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 144 23-25 Søknad frå Sogndal alpint/ telenorleikene 2025</p> <p>SAK 145 23-25 Skipolitisk dokument 2024-2028 - Skiforbundet vill</p> <p>EVENTUELT</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Hans Christian Amundsen, Roger Ellingsund, Jan Inge Årdal, Tor Arne Hov, Anders Engeland, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Tonje N. Tangerud
Referent:	Kennet Dvergedal

REFRATSAKER

SAK 139 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 140 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 18 23-25 Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 18 23-25 er sendt ut tidlegare og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 18 23-25.



ORIENTERINGSSAKER

SAK 141 23-25

Saker frå NSF

Bakgrunn

Styreleiar og adm. sjef orienterer frå følgjande utval:

- Organisasjonsutvalet
- Referat frå møte i Skistyret
- SKU-utvalet

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 142 23-25

Rammeprogram Trondheim 26. feb-2. mars

Bakgrunn

Rammeprogram for styreseminar til Trondheim i samband med ski-VM 2025 ligg som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 143 23-25

Driftskostnadar SKU

Bakgrunn

Driftskostnadar for skiklubbutviklarane er flytta frå rekrutteringsavdelinga i NSF til skikretsane. Tilskot for driftskostnadar vert betalt til skikretsane etter fordelingsnøkkel, oversikt ligg vedlagt.

Adm. sjef revidera budsjett for 2025 med kostnadar og inntekter knytt til drift av skiklubbutviklar.

Fordelar med å flytte driftskostnadar til skikretsane er m.a.:

- *Økning i driftsbudsjett med nesten 20% - fra 600.000 i 2024 til 866.000 i 2025 – så mer midler til SKU og krets*
- *Både i 2023 og 2024 var vi veldig nære å måtte dra i nødbremsen og stoppe all SKU aktivitet i hele landet, grunnen var at vi gikk over budsjett begge årene. (ca 270.000 i 2024) Vi klarte å løse det i 2023 med at vi fikk gå litt over budsjett, mens i 2024 så ble vi «reddet» av midler fra Marit og Marianne og anleggsprosjektene.*
- *Intensjonen er å få best mulig forutsigbarhet for alle parter og ikke risikere at vi må stanse all SKU aktivitet når det gjenstår et par mnd igjen av året.*
- *Det er kretsene som styrer aktiviteten til SKUen og sentralt har vi ingen forutsetning til å vite kostnadene alle 12 SKUer til enhver tid generer. Det vil si at det er vanskelig, så og si*



umulig å følge opp budsjettet på en hensiktsmessig måte før vi plutselig ser at nå er potten brukt opp

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSAKER

SAK 144 23-25

Søknad frå Sogndal alpint/ Telenorleikene 2025

Bakgrunn

Sogndal IL alpint har sendt inn søknad om økonomisk støtte til foredrag med Kjetil Jansrud i samband med Telenorleikene 2025 i Sogndal.

Søknaden er lagt ved som eige vedlegg.

Tilleggsinfo til søknaden:

Angående foredraget Kjetil Jansrud:

- Totalbudsjett ca. 80.000 nok

- Sognenett: 45.000 nok pluss reise og oppholdt*
- Sogndal Alpin 25.000 nok*

Kjetil Jansrud skal være prøvekjører under super G på fredag. Han skal holde 2 foredragene, et for idrettslagene i Sogn og Fjordane og et for utøvere og foreldrene av Telenor Lekene.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å støtte prosjektet med kr. 15 000,-.

SAK 145 23-25

Skipolitisk dokument 2024-2028 – Skiforbundet

Bakgrunn

Skiforbundet vil, strategidokument 2024-2028, vart vedtatt på Skitinget i Bodø.

Strategidokument 2024-2028, *Skiforbundet vill*, ligg vedlagt.

Skikrinsstyret drøftar vidare framdriftsplan for strategiarbeidet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande tidsplan:

- Innspel frå greinkomitear innan 26. feb
- Innspel frå klubbar (innan 26. feb)
- Skikrinsstyret handsama strategien på styremøte 28. februar
- Greinkomiteane handsama strategien innan 15. mars



- Skikrinsstyret handsama strategien innan 1. april
- Høyring til klubbar 1. april – tilbakemelding 30. april
- Framlegg til ny handlingsplan 12. mai 2025

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef